



Alpinkomiteen@

Sakshand.: RE/ KD

Dato: 29.09.2022

Arkivk.: ak/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 07 I ALPINKOMITEEN, 2021-2023

Stad: Thon Hotell Jølster
Tidspunkt: Torsdag 29. september, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 47 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 48 21-23 Godkjenning av AK protokoll nr. 06 21-23
SAK 49 21-23 Referat samarbeidsmøte med klubbar/ anlegg

RAPPORTERINGSAKER

SAK 50 21-23 Rekneskapsrapport pr. 26.09.22

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 51 21-23 Sportsleg opplegg hausten 2022 og vinteren 2023
SAK 52 21-23 Skiklubbutviklar
SAK 53 21-23 Terminlista 2023
SAK 54 21-23 Kvalikreglar HL/ TL
SAK 55 21-23 Haustmøtet 2022

ORIENTERINGSSAKER

SAK 56 21-23 SPV Utøvarstipend
SAK 57 21-23 Haustmøtet NSF

EVENTUELT

SAK 58 21-23 Sponsormateriell

TIL STADES: Roger Ellingsund, Kåre Hetle, Cato Vik, Elisabeth Sætren, Melanie Hetkamp- Andersen (skiklubbutviklar), Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL:

MERKNADER: Elisabeth Sætren deltok på Teams

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 47 21-23

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK:

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 48 21-23

Godkjenning av AK protokoll nr. 06 21-23 Bakgrunn

Protokoll frå AK møte nr. 06 21-23 er sendt ut som eige vedlegg og godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK:

Alpinkomiteen godkjenner AK protokoll nr. 06 21-23

SAK 49 21-23

Referat samarbeidsmøte med klubbar/ anlegg Bakgrunn

Torsdag 1. september avvikla AK opent møte med klubbar og alpinanlegg. Tema på møtet var samarbeid og rekruttering til alpinsporten.

Referat frå møtet ligg vedlagt.

VEDTAK:

Alpinkomiteen tek referat frå møtet til orientering.

RAPPORTERINGSAKER

SAK 50 21-23

Rekneskapsrapport pr. 26.09.22 Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 26.09.2022 er lagt ved som eige vedlegg.

Nøkkeltal frå rapporten:

Inntekter AK: kr. 417 190,-

Kostnadar AK: kr. 269 557,-

Resultat AK: kr. 147 633,-

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rekneskapsrapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 51 21-23

Sportsleg opplegg hausten 2022 og vinteren 2023 Bakgrunn

Samlingsplan haust 2022:

- Fjord1 barmarksamling Breim 14. august
- Fjord1 barmarksamling Skei 27. august
- Fjord1 barmarksamling Førde 10. september
- Fjord1 barmarksamling Leikanger 24. september
- Fjord1 Skisamling Juvass 30. sept-2. oktober (avlyst)
- Fjord1 Skisamling Juvass 13.-16. oktober

I tillegg vart det sett opp to samlingar på ski våren 2022:

- Fjord1 skisamling Jølster Skisenter 30. april-1. mai
- Fjord1 skisamlinga Jølster Skisenter 7.-8. mai (avlyst)

Komiteen bør og drøfte desse punkta ift. krinssamlingar 22/23:

- Bruk av ustyr/ staur på snø
- Samlingar vinteren 22/23

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak:

- Skisamlingar/ treningsdagar vinteren 2023 blir lagt til helg. Treningssamlingane blir på rullering i anlegga. Lokal alpinklubb stiller med staur og utstyr.
- 1 skisamling i november på Juvass. Krinslagstrenar følgjer opp dato.
- Legg til rette for felles opplegg til Hovudlandsrennet (Vassfjellet) og Telenorlekene (Wyller). Opplegg blir lagt fram på Haustmøtet. Adm. følgjer opp.

SAK 52 21-23

Skiklubbutviklar

Bakgrunn

Melanie er i gong som skiklubbutviklar. Alpinkomiteen bør drøfte korleis ein kan nytte skiklubbutviklar som ressurs, spesielt med tanke på rekruttering.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at skiklubbutviklar reiser rundt i klubb og støttar opp om rekrutteringstiltak som klubben ønskjer. Viktig at klubbane føler eigarskap til prosjektet.

SAK 53 21-23

Terminlista 2023

Bakgrunn

Rammer for terminlista 2022-2023:

- Færre rennhelgar, fleire dobbelt renn
- Samarbeid med nabokretsar
- KM SL og KM SSL på 1 dag, KM SC på 1 dag
- Alpinkomiteen ønskjer å bistå med hjelp til tidtaking for arrangørklubbar. Avtale med aktuelle personar må vere på plass, og blir lagt fram, på Haustmøtet.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at terminlisteansvarleg lagar framlegg til Terminlista 22/23. Terminlista blir sendt ut til klubbane i framkant av Haustmøtet og endeleg vedteken på Haustmøtet.

SAK 54 21-23

Kvalikreglar HL/ TL

Bakgrunn

Retningslinjer for kvalifisering til puljeplassering i Hovudlandsrennet og Landsfinalen (TL) er sendt ut som eige vedlegg. Retningslinjene var revidert forrige gong i 2019.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å følgje gjeldande retningslinjer.

SAK 55 21-23

Haustmøtet 2022

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2022 skal avviklast 5. november på Sandane, ved Idrettens Møteplass.

Rammeprogram:

- | | |
|------------------|--|
| Kl. 10.00: | Felles foredrag |
| Kl. 12.00: | Lunsj |
| Kl. 13.00-16.00: | Haustmøtet for Sogn og Fjordane Skikrins |

Parallelt med Idrettens Møteplass vert det avvikla ei treningssamling for utøvarar i aldersgruppa 12-19 år med basisøker på tvers av idrettar.

Sakliste alpinkomiteen 2021:

- Orientering frå haustmøtet NSF
- Samlingsplan 2021/22
- Terminliste 2021/ 22
- Foreldrekurs/ trenarkurs
- Rekruttering
- Økonomi/ marknad

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Haustmøtet 2022:

- Orientering frå haustmøtet NSF
- Samlingsplan 2022-2023
- Terminliste 2022-2023
- Foreldrekurs/ trenarkurs
- Rekruttering
- Økonomi/ marknad

ORIENTERINGSSAKER

SAK 56 21-23

SPV Utøvarstipend

Bakgrunn

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at adm. sjekkar opp samarbeidsavtalen og følg opp utøvarstipend om det er aktuelt.

Sak 57 21-23

Haustmøtet NSF

Bakgrunn

Norges Skiforbund Alpint sitt fagmøte vert avvikla laurdag 15. oktober ved Scandic Helsfyr, Oslo:

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/moter-og-samlinger/hostmote2022/>

Frist for påmelding er 1. oktober

VEDTAK

Alpinkomiteen kan ikkje delta med representant fysisk. Sjekkar om det er mogleg å delta digitalt.

EVENTUELT SAK 58 21-23

Sponsormateriell

Bakgrunn

Sponsormateriell til bruk på skirenn m.m. er utslitt og det er ønskje om å bestille inn nytt. Ein treng nye beach flagg.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at adm. bestiller inn nye beach flagg iht. samarbeidsavtalar.

I tillegg blir det bestilt inn gensarar iht. samarbeidsavtale med Fjord1. Øvrig bekledning ønskjer AK ikkje å bestille inn denne sesongen.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef